



STADANALYSE - EKSEMPEL SYKKYLVEN

Dokument



INN H O L D

FORORD

1 BAKGRUNN 3

Om staden Sykkylven 3

Frå arealkonflikt til tettstadprosjekt 4

Arealdelen i kommunedelplanen og behovet for kvalitativ stadanalyse 5

2 DEN KVALITATIVE STADANALYSEN 7

Analysemetoden 7

Landskap og byggjeskikk 8

Mørelandskapa 9

Orienteringsrommet 13

Identifikasjonsrommet 15

Minnerommet 17

Historierommet 19

Presentasjon av analysen 21

3 OM BRUK AV ANALYSEN 23

Den kvalitative stadanalysen i ein kommunal planprosess 23

Forum for stadutvikling 23

Stadanalyse som grunnlag for utforming av prosjekt 24

Samanfatting til ein kommunedelplan 24

LITTERATUR

FORORD

Miljøverndepartementets rettleiingshefte "Stedsanalyse - innhold og gjennomføring" tek sikte på å gi inspirasjon og rettleiing i utarbeiding av stadsanalysar.

Som supplement til rettleiaren er det utarbeidd 4 hefte med døme på utførte analysar. Dømehefta viser både metodar og bruksområde for stadsanalysane. Analysane er konsentrerte om emna historisk utvikling, natur og landskap, organisering av bebyggelse, og bygningar og andre enkeltelement, slik det er tilrådd i rettleiaren.

Alle stader har sin eigenart og sine aktuelle planleggingsutfordringar. Vi vonar rettleiaren og dømehefta til saman vil gi eit godt grunnlag for å velje eit opplegg for stadsanalyse tilpassa stad, oppgåve og situasjon.




Dette dømeheftet om stadsanalyse i Sykkylven viser ein framgangsmåte bygd på "kvalitativ stadsanalyse". Analysen blei gjennomført i 1992-93 i samband med ein revisjon av kommunedelplanen for Aursnes-Tynesområdet i Sykkylven kommune. Landbruksstyresmaktene hadde innseiing til fleire av områda som i framlegget til kommunedelplan var omdisponerte til sentrumsutvidingar og bustadområde. Det gav utgangspunkt for eit prosjekt der Miljøverndepartementet, Landbruksdepartementet, Husbanken, Møre og Romsdal fylkeskommune, Møreforskning, Norges byggforskningsinstitutt og Arkitekthøgskolen i Oslo gjekk

saman med Sykkylven kommune for å vurdere senterutvikling og fortetting. Stadsanalysen blei utvikla for å avdekkje og tydeleggjere kvalitetane ved staden, som føresetnad for eit nytt planframlegg. Ei politisk oppnemnd styringsgruppe i Sykkylven har ansvaret for framlegget til ny kommunedelplan. Fleire av ideane og planforslaga som er presentert i heftet er tatt inn i det nye utkastet til kommunedelplan, mens andre er under drøfting eller forkasta.

Stadsanalysen for Sykkylven er utført av siv.ark. Anne Marit Vagstein. Analysen inngår i doktorarbeidet hennar ved Arkitekthøgskolen i Oslo, med tittel "Steder i Norge". Arbeidet byggjer på professor Christian Norberg-Schulz' teoretiske forståing av verdien og karakteren ved ein stad.

Dømeheftet er utarbeidd av siv.ark. Anne Marit Vagstein og siv.ark. Turid Horgen. Forfattarane er ansvarlege for tekst og illustrasjonar i heftet.

MILJØVERNDEPARTEMENTET 1993



1 BAKGRUNN

I det vestlandske fjord-
landskapet Sykkylven
bur det 7000 menneske
som livnærer seg
av industri, handverk,
handel og jordbruk.
Frå steinalderen
og fram til i dag har det
vore aktivitet
på Auresletta.

OM STADEN SYKKYLVEN

Arkeologiske utgravingar har påvist samanhengande bebyggelse på denne fruktbare flata i meir enn 3000 år. Funna har vist restar av den eldste gardsbebyggelsen vi kjenner til mellom Trøndelag og Rogaland. Delar av dette historiske kjerneområdet ligg framleis ope, på grunn av aktivt landbruk og jordvern. I dag framstår Auresletta som ein spenningsfylt møtestad mellom jordbruk og forretningsdrift, fortid og nåtid.

Møbelbedriftene ligg som perler på ei snor langs Sykkylvsfjorden, skinnande kvite arkitektoniske perler frå funksjonalisme-perioden. Historia om Sykkylven kan framstillast som eit industrieventyr, men det er også ei historie om nøysemd og optimisme, overinvesteringar og konkurransar. Sykkylven har ein produksjon som er avhengig av kontakt med omverda. Han er sårbar for svingingane på verdsmarknaden. Praktisk tala alle råstoff til produksjonen blir importert, og produkta eksportert til heile verda. Bedriftene er med dataskjermen og dei moderne telekommunikasjonane on-line med forhandlarar og råvareleverandørar i New York, Singapore og Frankfurt. På veggen hos møbeldesignaren heng diplom frå møbelmesser i London, Milano og Tokyo.

Møbelproduksjonen er av relativ ny dato: I 30-åra kjøpte dei første bedriftene pil og peddig frå Danmark, Tyskland, Polen og Nederland, og eksporterte korgmøblar til Austlandet. I 90-åra er familiebedrifta i kjellaren og ved kjøkkenbordet erstatta med høgteknologisk og gjennomrasjonalisert industriproduksjon. Fabrikkanlegga er organisert i moderne desentraliserte indu-

strinettverk som både konkurrerer og samarbeider om produktutvikling, opplæring og teknologiske nyvinningar.

Utbyggingspresset mot landbruksjorda er ikkje eit nytt problem. Gjennom 60 år - perioden 1910-1970 - har kulturlandskapet i Sykkylven endra seg raskare enn dei 200 åra før. Fabrikkanlegga dominerer strandlinja, einebustadene ligg som langsåande band under åskammene, medan gardsanlegga framleis dannar klyngjer i landskapet. På 50-talet blei det sikra areal for den veksende bustadbygginga. Bebyggelsesmønsteret endra seg dermed frå gardsbebyggelse til frittliggjande einebustader. Husrekkja langs sjøen på kyrkjestaden Aure blei etter storbrannen i 1939 regulert, og fekk ein bymessig struktur med kvartalsbebyggelse. Den karakteristiske "kvadraturen" på Auresletta tok gradvis form. Utover 50- og 60-talet har staden utvikla seg til eit tett, avgrensa "kjøpesenter utan tak", der du finn dei fleste forretningstypene.

Kommunestyret i Sykkylven har eit prinsippvedtak om "vekstretning" for handelssentret mot aust, over Auregardane. Dette vedtaket vil kunne føre til ei gradvis nedbygging av heile Auremarka, som representerer eitt av dei mest fruktbare jordbruksområda på Sunnmøre. Delar av dette jordstykket var frå tidlegare regulert til helse- og sosialsenter, og kommunestyret planla i tillegg at ein større del skulle leggjast ut til område for senterutviding i samband med kommunedelplanen for 1989. Den siste utvidinga var bakgrunnen for innseiinga frå landbruksstyresmaktene.

Frå venstre til høgre: 1. Fabrikkanlegg langs Sykkylvsfjorden 2. Auremarka 3. Siestastolen, I. Relling

Bakgrunn: Aure



Grebstaddalen

FRÅ AREALKONFLIKT TIL TETTSTADPROSJEKT

Innanfor eit avgrensa geografisk område fekk Miljøverndepartementet og Landbruksdepartementet høve til å setje søkjelyset på fleire typiske problemstillingar, og å teste ut nye strategiar for:

- Fortetting av eit eksisterande sentrum ved utbygging av lågt utnyttat areal, omdisponering av tomme industribygg og utflytting av aktivitetar som ikkje er bustader eller publikumsretta sentrumstenester
- Fortetting av lågt utnyttat sentrumsnære bustadområde
- Tettare utbygging av vanlege bustadfelt
- Forsiktig utbygging i sentrale landskaps-, natur- og friluftsområde
- Setje grense mellom bebyggelsen og dei grønne områda.

Med utgangspunkt i *desse* problemstillingane blei det organisert eit tettstadprosjekt som samtidig skulle fokusere på stadkarakteren. Det sentrale var å avklare kva plankonfliktar som var viktigast å få løyst, og la folk å gjenoppdage dei kvalitative særtrekka ved staden. Det blei organisert ein arbeidsprosess som gav rom for dialog på alle nivå; mellom dei innbyggjarane det vedkom, lokalpolitikarar og innseiingsstyresmakter, og mellom sentrale styresmakter, lokale planleggjarar og tilkalla fagfolk.

Det som interesserer innbyggjarane i Sykkylven, er først og fremst at industrien blir gitt ekspansjonshøve, at det er nok areal for sentrumsvekst og at det er bustadtomter nær sentrum med utsikt over sjøen. Gjennom "Tettstadprosjektet" blei det også fokusert på miljøkvalitetane ved staden, og analysen blei verktøy for å utvikle eit felles utgangspunkt for planlegginga i kommunen, anten ho er privat eller offentleg.

Den kvalitative stadanalysen la grunnlaget for å sjå på *arealbruken* med nye auge, og tydeleggjere utvik-

lingsvilkåra og dei kvalitative grensene ein må halde seg innanfor, slik at den tette strukturen mot den opne sletta som var sjølvkjenneteiknet på staden, ikkje vart utviska av byggjepress og tilfeldig utstyking av jord. Ei fortetting *inne* i kvadraturen, økonomisering av trafikkareala, og ei "vekstretning" mot vest vil gi eit funksjonsdyktig kjøpesenter med korte gåavstandar, samtidig som tettstaden kan gjenopprette kontakten med sjøen.

AREALDELEN I KOMMUNEPLANEN OG BEHOVET FOR KVALITATIV STADANALYSE

Kommunedelplanen og reguleringsplanane utgjer avgjerdsgrunnlaget for veksten av tettstaden. Dei gir først og fremst ei juridisk ramme for dei framtidige venta arealbehova for sentrumsfunksjonane. Arealdelen i kommuneplanen fokuserer primært på kvantitative tilhøve som til dømes dekar fordelt på funksjonar, medan dei kvalitetsvurderingane som blir gjorde undervegs i planprosessen, ikkje kjem fram i det juridiske dokumentet. Den kvalitative stadanalysen er derfor eit supplement til kommuneplanen, da han dannar eit grunnlag for dei kvalitati

ve vala som det også er nødvendig å integrere i dokumentet.

I Sykkylven kom den kvalitative stadanalysen til nytte i høve til å:

➤ *Definere planområdet:* Avgrense naturlege soner i landskapet (til dømes Auresletta som sentrumsområde og Grebstad som landbruks-, natur- og friluftsområde og bustadområde)

➤ *Utarbeide retningslinjer for fortetting:* Lokalisering, gruppering og utforming av bustadbygging innanfor planområdet, og kommunikasjonslinjene innan dette

➤ *Utforme bustadbygginga:* Retningslinjer for byggeskikk

➤ *Tilretteleggje det juridiske grunnlaget for kommundelplanen:* Kartgrunnlag med avgjerder

Stadanalysen er ei framstilling av eigenarten i landskapet og bebyggelsen, og viser dei kvalitetane som ikkje må gløymast under arbeidet med ein plan. Stadkvalitetane er ikkje beinveges tilgjengelege, og derfor nyttar metoden seg av visse verkøy, - her kalla "rom", som gjer det mogleg å finne fram til karakteren til staden. Framstillinga nyttar illustrerande "biletkart", som kompletterer dei meir abstrakte planotypene vi har i dag.

Kommunedelplan, vedteken av kommunen 1989






2 DEN KVALITATIVE STADANALYSEN

"Å bo betyr å respektere omgivelsene, ja å bli venner med dem. Vi blir ikke venner med klimatologiske, demografiske eller økonomiske forhold. Vennskap har med kvaliteter å gjøre."

(Mellom jord og himmel, 1978.
Chr. Norberg-Schulz)



Teikning frå S. Steinberg: The Labyrinth.
London 1954

Frå venstre til høgre: 1. Handelssentret på Aure, Kirkegata 2. Auremarka 3. Aure, foto frå arbeidsboka

Bakgrunn: Aure sentrum, vinterstid

ANALYSEMETODEN

Alle landskap har ein struktur og karakter i form av område, vegar og landemerke, som bebyggelsen må ta stilling til. Folkearkitekturen i fortida hørte til landskapet, og saman utgjorde dei ein heilskap. I dag er den spontane innsikta som mogleggjorde dette for ein stor del gått tapt, og vi må derfor utvikle ei meir medviten stadforståing.

Den stadforståinga som dette heftet illustrerer, utgjør ikkje ein teori om korleis den ideelle staden skal vere, men representerer ein konkret metode som føreset nærleik til det ein undersøker: Staden sjølv som kvalitativ heilskap.

Mange stader ser vi at miljøkvalitetane er i ferd med å forsvinne. Bebyggelsen blir utflytande og manglar karakter. Dominerande trafikksystem utydeleggjer grensene og sprengjer samanhengar. Kommune- og regionplanar utelét landskapet som ein eigen kvalitativ dimensjon. Det er sårbart for ein tenkjemåte som har kortsiktig "vekst" som mål. Store endringsprosessar skjer nå på grunn av slike haldningar. Dermed er det vanskeleg å ta vare på dei lokale særtrekka som landskapet er berarar av, slik at staden kan utviklast i pakt med sin eigenart.

Når stadkvalitetane går tapt, reduserer ein vilkåra for identifikasjon og tilhørslse. Derfor er det vesentleg å forbetre omgivnadene, slik at vårt initiativ til å påverke og skape blir oppretthalde. Dette inneber at identiteten til staden må styrkjast.

Den kvalitative analysemetoden undersøker heilskapen liv - stad, det vil seie det daglege livsmiljøet.

Tilhøvet mellom landskap og bustadbygging er særleg viktig, og kan ikkje delast opp. Den faglege spesialiseringa i vår tid skaper eit presserande behov for å samanfatte på tvers av sektorane. Men fordi livsmiljøet er ein kvalitativ storleik, let det seg ikkje gripe additivt. Den kvalitative analysen søker å løyse problemet ved å avdekkje grunnstrukturen og karakteren ved staden i høve til den historiske utviklinga, og er dermed heilskapsretta.

Når vi skal gjere greie for vårt daglege livsmiljø, må det skje ut frå ei forståing for korleis vi er til stades i omgivnadene. Da desse utgjør ei romleg omverd, innfører vi fire "rom" som hjelpemiddel. Dette gjer vi fordi gjennomføringa av stadanalysen ikkje skal være tilfeldig eller subjektiv.

> Omgivnaden sin romorganisasjon oppfattar vi gjennom vår orientering, det vil seie rørselene våre til og frå stader der det skjer noko. "Orienteringsrommet" blir framstilt som eit grunnriss.

> Omgivnadene har også ein karakter som vi identifiserer oss med. Den kjem av dei tinga som "står" i rommet og "stemmer" det. "Identifikasjonsrommet" blir framstilt primært som eit oppriss.

> Omgivnadene består av kvalitativt ulike ting. At vi kan skilje desse frå kvarandre kjem av minnet. "Minnerommet" omfattar kjenneteikna ved staden, og blir framstilt som omriss eller bilete, det vil seie ein syntese av grunnriss og oppriss.

> Omgivnadene er også avhengige av tida og har ei historie. "Historierommet" framstiller endringsprosane i landskap og bebyggelse i høve til staden som gitt identitet.

Vårt nærvær i det daglege livsmiljøet kan altså analyserast som fire "rom". Den kvalitative stadanalysen undersøker kva verdiar som opnar seg for oss i dei fire romma. Men det må også understrekast at dei er aspekt ved same heilskap. Metoden stiller nettopp stadheilskapen i sentrum og dekkjer dermed dei fire hovudemna som er nemnde i Miljøverndepartementets rettleiar: Historisk utvikling, natur og landskap, organisering av bebyggelse og bygningar og andre enkeltelement. Det som kjenneteiknar den kvalitative stadanalysen er at han samanheld tema som andre metodar skil frå kvarandre.

I det følgjande skal vi sjå nærmare på dei fire "romma", med Sykkylven som døme. Men først må vi setje Sykkylven inn i ein geografisk samanheng.


LANDSKAP OG BYGGJESKIKK

"Stad" gir uttrykk for heilskapen av landskap og bebyggelse. "Stad" blir derfor brukt både om den naturgitte staden og om bebyggelsen. Analysen tek til med landskapet, som vi må gjenoppdage og ta stilling til. Landskapet er den direkte, kvalitative heilskapen vi identifiserer oss med. Ordet "landskap" vil seie "korleis landet er". Alle landskap har ei grunnstemning, det vil seie ein karakter som gjennomsyrrer omgivnadene. Karakteren er ein ikkje-målbart kvalitet som kjem av samspillet mellom heilt ulike fenomen som ikkje kan summerast. Landskapet har derfor ein geografisk bestemt "personlegdom", ein karakter eller veremåte, som gjer dalen til ein type og fjorden til ein annan. Den enkelte veremåten er kjenneteiknet ved eit


særeige samspel mellom jord og himmel, og analysen søkjer å klargjere det lokale jord-himmel-tilhøvet og sjå det i samanheng med den landsdelen staden tilhøyrer.

Frå gammalt av tenkte ein seg landet delt i tre hovudområde; "kystlandet", "skoglandet" og "opplanda". Det var kystleia og kommunikasjonane over fjella som knytte kystlanda og opplanda saman. I dag er himmelretningane viktigare: Nordlandet vender seg mot polområdet, det utgjer det særnorske og den nordlegaste delen av Europa. Vestlandet vender seg mot Atlanterhavet, Sørlandet mot Danmark og Nordsjøen, og Austlandet mot dei store skogane i det austlege Europa.


Dei kvalitative særtrekka ved landsdelane når det gjeld lys, klima og vegetasjon, blei fanga opp og uttrykt i dei eldre byggjeskikkane. Det var derfor eit tydeleg skilje mellom kystarkitektur og innlandsarkitektur, noko som blir forståeleg dersom vi held oss til ei romleg geografisk skildring. Kysten og innlandet består av ulike forhold mellom romform og masseform. Fjordane er landskapsrom, slik som også dalen og gryta; stader med fast form og retning. Strukturen i øygarden derimot består av masseformer og mellomrom som dannar eit komplisert "nettverk". Utsida av landet er samanvove med havet, medan fjella dannar grense mot aust.



Landskapsrom



Øygarden



"Det er et enestaaende tindeparti, et naturens mesterstykke i gothik, som man kan gaa rundt og trænge ind i,... uden at blive færdig."

(Den norske turistforenings årbok, 1882. E. Mohn)

MØRELANDSKAPA


Det regionale omfattar mange og ulike landskap. Kva er typisk for landskapa på Møre, der Sykkylvsfjorden og bygdas senter Aure ligg? Storfjorden er det mektige rommet som følgjer kystlinja parallelt innanfor ei rad øyar. Fleire tronge sund forbind fjorden til det opne havet. Frå Storfjorden fordeler det seg eit system av smale sidegreiner som tøyser seg inn i landet. Kvar fjord er lukka omkring sitt eige landskap, forbunde med Storfjorden via naturen sine egne "portalar".

Her er kystklima med stadig overraskande lågtrykk frå Grønland. I lange periodar skjuler tåke og skodde omgivnadene og romma blir trykte saman. Men vêret er svært skiftande, og lyset kan gjennomtrengje, og både opne og fylle dei lange perspektiva i fjorden.

Dei fleste dalane er orienterte aust-vest i høve til den faste form og retning av fjordarmen, og ofte er dei sjølve botnen i ein fjord. Dei dannar dermed eit naturleg tilgjenge som fører vidare opp mot fjellet. Fjorddalane er også vassførande elvedalar og varierer i breidd og form. Nokre er skålforma og vide kulturlandskap, andre dannar berre ei kløft som gjer vegsambandet til motbakke. Ved fjellovergangane snører horisonten seg saman og nye landskap dukkar fram.

Namnet Noreg-Nordvegen kom lenge før ei lovgivande og utøvande makt var etablert, og viser at den geografiske forståinga kan skape felles identitet.

Karakteren omfattar og romstrukturane og kommunikasjonane forbind dei ulike landemerka og bebyggelse i landskapet.




Romanalyse, Møre



Klyngjetun, Auregardane Sykkylven



Byggjeskikk frå Møre




Fjorddalar, typologi



Vestlandsveret



Storfjorden



Tind



Egg

Eit særtrekk ved denne typen omgivnader er nettopp kontrasten i tid og rom mellom det nære kulturlandskapet og den fjerne fjellnaturen. Somme stader er landskapa definerte av tydelege tersklar mellom dei busette, grøderike "oasane" som er omgitt av skogkledde åsar, og er det romlege motstykket til dalen; det utilgjengelege tindemassivet. Åsane er kroppslige former, medan dei spisse toppane motseier massen og dannar skiveforma vegger og landemerke. Det alpine fjellpartiet samlar seg til eit knippe omvendte "røter" som løftar landskapet og aktiviserer himmelen. Eggar, tindar og horn er lokale namn som skildrar punktstrukturen til fjella. Mohns samanlikning med det gotiske er derfor sagt med rette.

På Møre tok ein etter tradisjonen i bruk heile landskapet mellom fjellfot og kyst. Det var eit stabilt bondesamfunn som samtidig hadde i seg pendlarkulturen frå kysten. I denne samanhengen må vi sjå den tradisjonelle byggjeskikken. Gardstuna var gjerne tettbølte klyngjer som passsar når det er lite jord og smått med dyrkbare areal, og eit omskifteleg og hardt klima. Dei er også svar på romdanningane i naturen som flatar ut og manglar definisjon (strandsletter, hyller, platå). Ulike aktivitetar voks lineært fram langs vatnet, naust, sjøhus og etter kvart andre funksjonelle bygningar som hadde bruk for nærleik til sjøen. Lokaliseringa blei også bestemt av sjødjupn og ut frå omsynet til vør og vind.

Tradisjonelt var bygningane lange med liggjande former på solide grunnmurar. Grunnmurane av denne dimensjonen hevar husa og gir dei kraft. Slik underordnar den



horisontale bygningskroppen seg eit karakterfullt landskap, medan fundamentet tek opp i seg reisninga. Fasadane på våningshusa hadde ofte ein symmetrisk plassert inngang, ei monumental trapp og eit arkmotiv. Dette gav huset ein særleg kvalitet som "individuell inngang", forbunden med tunet, veggen og landskapet.

Byggjeskikken speglar av landskapet. For å få fram særtrekka på Møre, er det nyttig å samanlikne med bygningskultur i andre landsdelar.

Husa på kysten har knappe detaljar, og panelet er ei "kappe" tredd utanpå massive vegger eller skjelettkonstruksjonar. Det lette og fleksible funksjonspreget uttrykkjer det skiftande i kystlivet; det drivande og mellombelse i landskapet, klimaet og leveviset. Bebyggelsen er gruppet i klyngjer som ei følgje av tronge, karrige landskapsrom og flekkvise, fruktbare strandsletter.

Byggjeskikken i innlandet er meir ueinsarta enn arkitekturen på kysten, og varierer etter dalføre og himmelstrok. Sterkt forenkla kan han skildrast som lukka "boksarkitektur", det vil seie at husa ofte er innovervendte og samla i eit fastare organisert tun.

La oss etter desse refleksjonane om landskap og byggjeskikk sjå nærmarer på dei fire romma som kjenneteiknar vårt nærvær og vår bruk av staden. Formålet er med andre ord å gjere greie for vilkåra til staden samtidig som vi forstår desse i høve til ein varig identitet.



(Plansje 1) Hovudgrensa for dalen er *heile* åssida som går over i dalbotnen som med stigande og fallande rørsler danner romorganisasjonen på staden (topologi). Ein del av romgrensa er skogen der han danner bryn mot rydda mark. Som randsone er han sjølv sagt ei omskifteleg grense, men som levande element synleggjer han rytmane til bakken i utstrekning av rommet. Andre viktige grenser i rommet er teikna med ulik signatur etter kor tydelege dei er og etter sine karakteristika; ein profil der terrenget fell ned, ein kant der bakken stig opp. Område oppstår mellom landskapsgrensene, og der retningar er viktige er dei teikna inn med piler. Dermed ser vi at dalen rettar seg inn mot det nedsenkte elverommet. Elva har grave ut ein "blinddal" i landskapet.

(Plansje 2) Dei tre store flatene utpeiker seg som naturlege stader. Dei har inga klar retning. Tvertimot har dei som område den eigenskapen at dei "rundar seg", da dei nære og fjerntliggjande grensene eller veggene er likeverdige.

(Plansje 3) Vegane skal la oss oppdage rommet på staden og synleggjere terreng og naturlege samband. Det kan dei gjere både ved å følgje og ved å gå på tvers av jordrelieffet. Stiar og gangveggar kan flettast inn i landskapet og opne for bruken av staden. Rom-analysekarta gir indikasjonar på kvar vegane bør først. Dette kartet viser eksisterande vegar.

ORIENTERINGSROMMET

Vi bruker romma på staden gjennom vår orientering og rørsle i det. Kevin Lynch viser i si undersøking av amerikanske byar at staden må ha ein forståeleg struktur slik at vi finn fram og kjenner tryggleik. Derfor bør dei romlege tilhøva på staden vere slik organisert at vår daglege bruk kan utspele seg på ein meningsfull og naturleg måte. Vi orienterer oss etter vegar eller andre årer (elvar, kanalar m.m.), langs kantar og grenser, vi kjem til visse knutepunkt som vi kjenner, slik som institusjonane på staden, arbeidsplassen vår og det felles torg, og vi bruker landemerke (arkitektoniske eller landskapelege) som kjenneteikn vi rettar oss etter. Endeleg er vi innanfor eller i tilknytning til meir eller mindre karakteristiske område.

(Plansje 1) I Sykkylven er orienteringsrommet først og fremst inndeling av fjorddalen sitt hovudrom. Landskapet er ei rommessig eining avgrensa av horisonten. Konturen følgjer høgdekurvene og er innteikna som ein ujamn bord for å illustrere at han kjem til syne gjennom trea. I rytmen til silhuetten manifesterer landemerka seg, på kartet markerte med raude symbol.

Rømerhornet symboliserer ein sentral innfallsport til fjellheimen. Når vi orienterer oss mot fjellet, oppdagar vi ein akse i rommet. Han er merkt av som ei raud linje og framhevar med si rette form dynamikken i dei topologiske grensene og tydeleggjer orienteringa i dalen.

Kor sterk områdekarakteren er, avheng mellom anna av mellomsonene; det vil seie overgangsrom og helingsplan mellom stadene. Desse overgangane både skil og forbind dei tre hovudområda i dalen. Dalstrukturen består dermed av tre avsatsar som i åssidene finn ekko i mindre hyller.

Ikkje alle eigenskapane ved eit rom kan lesast ut av eit terrengkart. Overgangssonene er område vi passerer, medan andre stader har karakter av mål. Dette blir opplevd på staden som retta og samla rom. Sterke kantar i rommet utpeiker desse eigenskapane ved dalen. Dei raude "kraftlinjene" understrekar dette, og visualiserer dermed eit viktig trekk som terrengkartet ikkje tydeleggjer.


Rom-analysen kan vere til nytte ved vurderinga av lokalisering og kommunikasjon. Rommet tek til som vi har sett, ved grensa si, og kvar landform er karakterisert av omrisset sitt i rommet. Det er derfor vesentleg å respektere det overordna rommet sine konturar og profilar. Desse blir haldne fast i den kollektive oppfatninga om staden. Sterkt definerte landskapsrom "toler" meir enn mindre tydelege landskap. Store hogstflater på tvers av kammar og konturar kan likevel skape stygge sår i eit einskapleg rom. Dersom dei naturgitte områdedefinisjonane og retningane blir brotne, representerer også dette store farar for fragmentering og svekking av omgivnadskarakteren.

Naturgitte område og grenser bør takast vare på gjennom utviklinga. Lier og skrentar er særleg eksponerte. Dette set krav til dimensjonering (småhus) og gruppering (rekkje) av bebyggelsen, medan bebyggelsen på flatmark bør konsentrerast og fortettast i eksisterande klyngjer og ikkje spreiaast utover.


Fjorddalar har gjerne ei elv, og det elva har å seie for det historiske kulturlandskapet, bør vere insitament til at vassdrag blir trekte aktivt inn i planar. Rommet i fjorddalane heng også nøye saman med sjøen. Elva og kystlinja høyrer framleis til dei viktigste landskapselementa å orientere seg etter. Kontakten med sjøen er heilt sentral for å halde identiteten til fjorddalane i live.




(Plansje 4) Kulturlandskapet i Sykkylven er eit kontrastfylt møte mellom temd, rydda terreng og "den naturlege naturen", ei spenning som gir oss ei aning om den historiske bruken av dette landskapet. Desse to aspekta er ikkje motsetningar, men kompletterer kvarandre.



(Plansje 5) Tek vi bort vegetasjonen og ut frå snitta studerer korleis formene reiser seg og innteiknar rommet, ser vi karakteren som eit jord-himmel-tilhøve.



(Plansje 6) Av snitta les vi at dalen utgjer ei vid forsinking. Reisninga av veggen møter bakken og viser spenninga og samspelet som gir staden ei grunnstemning.



(Plansje 7) Lyset er ein faktor som stemmer rommet. Det er ein funksjon av varierende breidd, av romform og horisont. Den indre silhuetten, det vil seie den på staden opplevde øvre grensa, har relevans for å forstå utvidinga og samantrekkinga i det pulserande rommet.


IDENTIFIKASJONSROMMET

Identifikasjon vil seie å erkjenne ein "likskap". Våre omgivnader må ha ein karakter, eit vesen, som vi psykisk og kroppslig kan kjenne nærleik og tilknytning til.

Stadkarakteren oppstår i eit samspel mellom den naturgitte staden - hovudretninga, lys, klima, vegetasjon - og menneskeverka. Menneskeverka har eit preg, dei er aldri nøytrale. Preget skal gjere det mogleg å "gjenkjenne" stadkarakteren. Når dei utbygde omgivnadene tek vare på behova for karakter, blir det skapt eit vilkår for psykisk fotfeste.

Romkarakteren kjem av dei tinga som utgjer rommet og stemmer det, primært dei tinga som "står" i rommet. I Sykkylven er karakteren svært sterk fordi romgrensa er nær og har eit spenningsfylt tilhøve til utstrekninga av rommet. Identifikasjonsanalysen studerer korleis formene og grensene framtrer (morfologi). Rytme, spenning, rørsle og djupn er alle dynamiske faktorar som tilhøyrer den geografiske "personlegdomen" til landskapet.

Den runde åsen Aurenakken har ei form som "tilhøyrer" jorda, og er ikkje himmelstrebande som det tilspissa Rømerhornet. Himmelen fell mjukt inn mot dei konkave kurvene av Aurenakken. På motsett side er veggene steilare. Han blir avtrappa med kanta profilar som dramatiserer spenninga i veggene. Det rette synleggjer retningar, det runde forbind. Det gjeld også vertikale former mot himmelen. Romkarakteren er sjølv kraftfeltet som oppstår mellom dei vertikale veggene. Rommet som "skapnad" pulserer mellom det



(Plansje 8) Dei gule symbola skal vise kva som er vesentleg for kvart av dei: Elveoset sitt møte med fjorden og den kryssande vegen, og dei tre flatene Auremarka, Grebstadsletta og Lysehol med ulik karakter med høvesvis definert område, open sone eller oversiktsplatå.

vide og det tronge. Snitta synleggjer utvidinga og samantrekkinga av rommet i høve til dei plastiske åsformene. Dei raude kraftpilene viser innbyrdes samanhengar på tvers av dalrommet og at dalen opnar seg ut mot fjorden. Dei strategiske punkta i landskapet innlemmar heile fjordbassenget og forbind dalen med fjernromgrenser.


(Plansje 8) Rommet er ikkje einsarta, men differensiert i kvalitativt ulike stader. Kvar stad varierer i "styrke" og verdi i høve til heilskapen i dalen. Spesielt mange naturfenomen knytter seg til Auremarka. Elva, skoggrensa, åsprofilen og utsynet mot fjorden gjer dette til eit naturleg senter i dalen.

Identifikasjonsrommet gir haldepunkt for vurderingar som gjeld karakteren til staden: Byggjeskikk (form), gruppering og fortetting, og karakteren dannar ein bakgrunn vi kan vurdere ulike byggverk mot. Eldre byggjeskikkar realiserte den karakteren (Genius Loci) som var til stades i landskapet. Ved å studere byggjeskikken nærmare, vil vi derfor lettare forstå grunnkarakteren til


staden. Men i dag finn vi neppe ein byggjeskikk ved å kopiere former frå fortida; snarare må vi gjenoppdage røtene og nytolke dei. Slik kan identifikasjonsanalysen hjelpe staden å utvikle seg i pakt med grunnkarakteren der.

Dalen må behalde stemninga av «vennleg oase» som tek imot fjorden. Det vil seie at tilhøvet mellom landskap og bebyggelse; figur og grunn, må ivaretakast. Eit klart landskap som Sykkylven krev definerte nabo-område. I denne samanhengen er det også viktig å ta vare på landskapskontrastane ved å respektere randsonene og ta vare på vegetasjonen langs steingardar og vassdrag.


Dalen er forma som ei stor, frodig skål som veltar ut av fjellet. Det er viktig at ny bebyggelse ikkje motsei den vennlege karakteren og det dynamiske og dramatiske som potensielt er til stades. Bygningane må både ha ei viss kraft og styrke mot landskapet og samtidig ivareta noko av den lette og enkle artikuleringa i kystarkitekturen. Ved fortetting er det viktig at innfylte bygningar tek omsyn til den karakteren som allereie er til stades innan området. Klyngjene toler større variasjon og mangfald enn rekkjebeyggelsen. I Aurekvadraturen er husa bygde i pussa mur. Karakteren i kvadraturen kan til dømes blir vektlagd ved ei utforming av hjørner og gateløp, og ved å vidareføre tradisjonen med pussa "urbane" bygningar. Framfor alt vil spreining av bebyggelsen svekkje dei områda som landskapsrommet omfattar.




(Plansje 9) Landemerka er dominerande i Sykkylven. I fjorddalen rammar åsane inn dalrommet. Romtype og figur heng uløyeleg saman. Dei runde toppane sluttar seg derfor saman med Auremarka og kystlinja som er dei elementa vi minnest ved staden. Kjenneteikna er derfor teikna som "tredimensjonale" figurar, og det er slik vi minnest dei.



(Plansje 10) Klyngjene er den eldste bebyggelsesforma. Dei ligg på dei flate terrassane i dalen, og den tettbølte gardsstrukturen kompletterer den opne romsituasjonen. Kvadraturen på den nedre flata, Auremarka, er ei geometrisert klyngje. I liene ligg rekkjebebyggelsen som samsvarer med kotane i det skrånande terrenget.



(Plansje 11) Dette kartet samanfattar alle "romma", det vil seie grunnriss og oppriss, og viser at minna må framstillast som eit omriss eller omfattande bilete.



Kontakten med sjøen må ein ta vare på visuelt og fysisk på ein betre måte enn i dag. Aure er innkøst- og møtestad. Samanhengen i hamnefronten må ikkje stykkast opp av plasskrevjande stengjande volum. Eventuelle nybygg bør underordne seg den mottakande strukturen ved staden.

MINNEROMMET

Omgivnadene våre består av ulike identitetar. Det som gjer at vi kan skilje fenomen frå kvarandre, er minnet. Vi kjenner derfor den eine åsen frå den andre, samtidig som vi erkjenner at dei alle er åsar, trass i skilnadene. Omgivnadene består av slike namngitte identitetar som manifesterer variantar av ein allmenn veremåte. Både landemerke og rom danner typar som er spesielle for staden (typologi). Vi kan dermed snakke om dalar og fjordar som romtypar, og fjell og oddar som typar av landemerke. Kvar type finst mellom jord og himmel på *sin* måte, og uttrykkjer eit tilhøve mellom "opp og ned".

Bebyggelsen grupperer seg også etter mønster. Dei tre hovudtypane er rekkja, klyngja og den samla form (firkant eller runding). Desse typane kan vere meir eller mindre "frie" og varierast på ei rekkje måtar. Valet av romorganisasjon er eit svar på dei lokale rom- og figurdanningane i landskapet, slik at det oppstår eit *stadbilete*. Den tradisjonelle bebyggelsen var ei slik tolking av den kvalitative strukturen ved staden.

(Plansje 10) Bebyggelsen verkar spreidd og tilfeldig, men ved nærmarer ettersyn finn vi kime til definerte naboskap som skriv seg frå både eldre og nyare tid. Variantane fordele seg i samsvar med områdetypane.


Det er altså eit samsvar mellom grupperingane og topografien. Kotekartet under symbola for dei tre typane er med på å framheve denne samanhengen. Da kommunikasjonen til lands også samsvarer med topografien, har likeeins den spelt ei viktig rolle som lokaliseringfaktor.

(Plansje 11) I kartet som følger, samanfattar vi den forståinga som ligg i figuranalysane. Det måleriktige terrengkartet er omteikna for å kunne framstille eit bilete. Såleis er det langstrekte dalrommet "trykt saman" og den nedre delen sin "amfiform" er lagt vekt på. Landskapet minnest vi som skålforma. Staden er ikkje fylt av ting, men tinga *utgjer* staden. Det samanfatta biletet viser dei ulike veremåtane til desse, det vil seie, dei allmenne strukturanne: Gardsvegane minnest vi som slyngjande årer, bebyggelsen som faste grupperingar, Grebstadplataet som eit mektig skyveplan ut av rommet og Aurenakken sine runde former kontrasterer Fauskekammen sine rette, for å nemne nokre hovudtrekk.


Analysen av minnerommet viser at vi ikkje må svekkje dei kvalitetane som bestemmer stadbilete vårt. Fjorddalen treng å ta vare på sitt tilgjenge, og karakteristiske kjenneteikn markerer innfallsporten: Aurenakken og Haugneset. Ved innkomsten til ein stad er dei primære kjenneteikna viktigast. Landemerka utgjer "kritiske punkt". Dei er særleg sårbare for inngrep og heile staden kan bli skadelidande ved uheldig utbygging som svekkjer den opphavlege identiteten til staden.

Dei gamle gardsvegane, alleane og vassdraget er andre landskapselement som hjelper oss å minnstaden. Så langt det er mogleg, bør slike potensialar trekkjast inn i utviklingsplanane.


Dei tinga som staden består av, inngår i eit samspel. Mangfaldet av kvalitativt ulike nabomiljø styrkjer såleis minnet. Dette kan ein ivareta ved å fortette innan dei eksisterande strukturane. Klyngja kan fortettast med bustadtypar som kan liggje nær naboen. Husa kan gjerne vere ulike i målestokk ("tema og variasjon"), men ha same materialbruk. I eit slikt høve bør det vere fellestun mellom husa. Dersom ein fortettar i liene, blir husa lagde etter dei lineære og kontinuerlege draga i landskapet. Skal rekkja halde på sin figur- og rekkjekarakter, må bygningane ha eit innbyrdes fellesskap; anten like i fargetonar, materialar eller hustype. Aure sentrum må styrkje grensene sine mot omgivnadene for å tydeleggjere kvadraturen. Bygningane som danner grense mot Auremarka, er ansiktet til staden utetter. Her må ein særleg setje krav til karakteren, volumoppbygginga og takforma (silhuetten) på bygningane. Kyrkja danner eit tyngdepunkt. Ho har eit sterkt skulpturelt uttrykk som krev eit ope, men arkitektonisk forma omrom.




(Plansje 12) Aure steinalder, bronsealder




(Plansje 13) Aure jernalder



(Plansje 14) Aure ca 1850



(Plansje 15) Aure ca 1910



(Plansje 16) Aure etter regulering 1965



(Plansje 17) Aure 1990

HISTORIEROMMET

Sola, havet, klimaet og innlandsisen har påverka landskapet. Beitande dyr og mennesket si kultivering har forvandla det. Slik har den kvalitative tid forma landet gjennom tusenvis av år. Men i dag er det mogleg å endre det drastisk og raskt, og ofte skjer det utan respekt for omverda. Formålet med ei historisk undersøking er å forstå dei prinsippa som styrer rørslene i landskapet og kulturen. Veksten og endringane på staden må ikkje skje tilfeldig, men i samsvar med staden sjølv, som stadig må tolkast på nytt. Tolkingane skal vise utveggar for bruk og liv som er latente til stades. Ei tid lever menneska av jordbruk og fiske, ei anna utnyttar dei vasskrafta og byggjer industri, men både primær-, sekundær- og tertiærnæringane må respektere den gitte staden.

Nokre trekk viser seg å vere stabile i historia til staden, slik som landemerke og overordna landskapsrom, andre er omskiftelege slik som kystlinja eller skoggrensene. Grunnstemninga på staden er også *stabil*, men viser seg ikkje direkte. Oppgåva til byggverka er altså å vere ei tidsmessig nytolking av det same vesen, slik at staden kan halde på sin identitet gjennom endringane.

(Plansje 12) Når det gjeld Sykkylvens historie, fortel arkeologane at vasstanden etter istida stod om lag ti meter høgare. Der Aure ligg i dag, stakk eit nes ut i fjorden. Den gamle strandlinja er framleis tydeleg på Auremarka. Her har arkeologane lokalisert bebyggelse frå stein- og bronsealder. Menneska har budd nær vatnet.

(Plansje 13) Når kystlinja endra seg, følgde livet etter. Frå jernalderen er det gjort fleire interessante funn. Ein jernaldergard i fleire historiske lag ligg nær der gardsklyngja på Aure er i dag.

(Plansje 14) Skal vi basere oss på kartmateriale, må vi gjere eit sprang i historia fram til førre hundreår (1850). Også da utgjorde dei tettbygde Auregardane sentrumsbebyggelsen på Auremarka. Like eins var det gardsklyngjer på Grebstad. Gardane hadde naust og andre bruksbygg knytte til den felles kystlinja. Bygdekyrkja som samlingspunkt låg frå gammalt av på Aure. Lokalhistorikarar meiner at det truleg har stått ei stavkyrkje der og kanskje før det eit hov for jernaldersamfunnet.

(Plansje 15) Da Aure fekk ferjeleie, voks det fram ei lita sjøgate langs kystlinja mellom kyrkja og det skiljande høgdedraget i forlenging av Aurenakken. I 1939 brann bebyggelsen i Aure sentrum. Da staden blei gjenoppbygd, blei husa oppførte i mur. Bøndene i Auregardane ville ikkje selje dyrkbar mark. Aure utvikla seg dermed til ei tett og rett gate.

(Plansje 16) Rundt 1965 blei sentrum regulert. Den lineære retninga langs sjøen fekk nå tverrgåande gater. Både småbedrifter og merkanatil verksemd utgjorde nå staden.


Det var i 30-åra, etter depresjonen, at handverksbedrifter sakte utvikla seg. På sekstitalet var mange av desse blitt store industriverksemdar. Som ei følgje av dette blei mange nye einestader bygde i rekkjer under Aurenakken.

(Plansje 17) Ein preglaus og stadfrmand arkitektur med flate tak tok til å dominere bygningsmiljøet etter sekstitalet. På somme bygningar er det føydd til toppetasjar med mindre saltak, slik at staden etter kvart har fått ein meir sjarmerande karakter.


Utgreiinga for historia til Aure og Grebstaddalen viser at staden *har* teke vare på sin identitet gjennom mange endringar. Men undersøkinga viser også at utviklinga i seinare tid har svekt mange og viktige sider ved strukturen til staden. Fylkesvegen stengjer innkomsten og bruken av sjøfronten. Ferjeleiet er flytta ut av tettstaden, mellom anna for å hindre kødanning. Noko meiningfullt blei dermed borte. Bebyggelsen er blitt meir og meir spreidd og sluttar seg ikkje lenger til dei tradisjonelle grupperingane.

Ein betre kontinuitet kan ivareta-kast mellom anna ved å synleggjere historiske minne og spor i landskapet, og ved å sikre dei bygningar og landskapsmiljø som er viktige for identiteten til staden.


Til vanleg har den kvalitative stadanalysen som målsetjing å avdekkje grunntrekka ved staden, det vil seie at den påviser kva som er allmennt viktig i dei lokale forholda. Den skallar altså av det mindre viktige for å påvise dei "kritiske punkta" som må takast vare på for at staden ikkje skal misse identiteten. For å kunne gjennomføre denne prosessen, nyttar analysen seg av dei fire "romma" som er forklart ovanfor.




Vi tek utgangspunkt i kotekartet



(Plansje 18) Analysekart av områdetypar



Grupperingstypar



Analysekart av bebyggelsen i landskapet

Tilhøve mellom kartsymbol og naturfenomen

PRESENTASJON AV ANALYSEN

Stadanalysen er framstilt som ein serie "kvalitative kart" i samsvar med dei fire romma. Ordet "kart" viser til den plane flata som framstiller eit jordrelieff. Som ein representasjon har det aldri kunna synleggjere alt som er til stades. Dei tidlegaste biletkarta som blei laga før ein hadde geometriske målemetodar, er kvalitative, og skildrar geografien i ei livsverd. Landskapa blei forstått som namngitte heilskapar, kartografisk framstilte som område innramma av naturen sine grenser med stader, vegar og markante landemerke. Sjølv om karta ikkje var korrekte, framstilte dei ein struktur som i sitt vesen er rett, slik at dei som bilete sa noko ei måleriktig gjengiving ikkje kan formidle. Det ligg ein stor pedagogisk verdi i denne konkrete måten å framstille dei geografiske identitetane på, og samanhengane deira med kvarandre. Biletkarta var altså ein slags "kvalitative analysar". Ved å leggje vekt på enkelte fenomen, og dempe andre trekk, kunne heilskapen visualiserast.

Som nemnt ovanfor, er målsetjinga med våre kvalitative analysekart å vise ein essensiell struktur med utgangspunkt i den daglege situasjon i tilværet for menneska. Analysekartene våre skal også vere biletlege, det vil seie at fenomen blir sette i eit oversynleg tilhøve til kvarandre, med det formålet å framstille ei kvalitativ forståing. Dei utgjør eit nødvendig tilskot til den tekniske og teoretiske informasjonen som vanlege moderne kart gir.



Ei av dei tidlegaste kartframstillingane er å finne i Olaus Magnus historie frå rundt år 1555. Dei figurative karta hans gjengir landskapselementa på ein naturtru måte. Fjorden blei teikna som djupe kanalrom fylte av Nordsjøen og mellom dei utgjorde fylka eigne område. "Kjølen" er framheva som ein skiljande fjellrygg der store elver renn ut i den Botniske bukta og understrekar Sveriges vending mot aust.

Symbola eit kart nyttar seg av, må fungere som "minne". Det vil seie at det visuelle teiknet har trekk som liknar det det skildrar. Det er samanhengen det blir sett inn i som skaper minnebiletet. Analysekartet er altså ein reisepil for å gjenvinne kvalitativ forståing, men tilfører ikkje noko prinsipielt nytt og forklarar ikkje fenomen på vitenskapelig vis. I det vi vektlegg noko, blir andre kvalitative aspekt dempa. Dei fire "romma" hjelper oss å vere selektive, slik at vi kan oppnå eit resultat som grunnlag for planarbeidet. Orienteringsrommet hjelper oss å avdekkje kvalitetane som gjeld topologien. Identifikasjonsanalysen grip dei karakterskapande kvalitetane, og minnerommet det som kjenneteiknar staden. Historierommet prøver endeleg å vise ulike kvalitetar som har hatt noko å seie for menneska gjennom tidene.

Kartet visualiserer også kvalitetar som ikkje er synlege. Det gjeld å visualisere desse ved å samle eigenskapane til staden i eit forenkla bilete der dei vesentlege trekk blir vektlagde. Det er viktig å gjenvinne ei slik biletleg forståing, da abstrakt tenking ikkje kan gripe ein kvalitativ heilskap.

(Plansje 18) Medan det tekniske korrekte kartet over Sykkylven viser eit langstrekt dalrom, er den reelle erfaring på staden at dalen rundar seg i nedre del. Eit teikn for at rommet rundar seg, blei derfor lagt over kotekartet. Ei motlinje trongst for å vise skilnaden mellom den runde skåla og korridoren som fører dit. Dei tre platåa er enda eit viktig trekk ved landskapet. Hellingsplana skal både vise samanhengen deira, men òg at dei er åtskilde. Dei gule sirkelsymbola uttrykkjer korleis flata knyter seg til grenser langt unna, men "ønskjer" å konsentrere seg. Piler er dynamiske teikn. Dei kan vise retningar, samanhengar og rørsle. Sirkelen med piler fangar opp ein tvitydig kvalitet ved rommet. Ofte heng fenomen saman. Kartteikna er samansette i det dei viser til ein kvalitet ved staden sjølv, og til ei grunntilfaring hos oss sjølve.

Av dette forståar vi at metoden tar sikte på å visualisere kvalitetar som i seg sjølv ikkje er visuelle fenomen, som til dømes landskapet sine rytmar, spenningar og romlege samanhengar. Vi prøver med andre ord å gripe strukturar som kjenneteiknar dalrommet sitt vesen, og la denne kunnskapen bli ein del av den forståinga vi må leggje til grunn for planarbeid og prosjektering.
















Kva meiner du særmerker dette bygningsmiljøet?



Korleis tenkjer du deg desse områda kan utformast og bli brukt?

Korleis kan du forsterke det som er positivt?



-  Tettbølt klyngjebebyggelse
-  Risikoretning for spreining av einiskilde hus
-  Konsekvensar av spreining
-  Lineær bebyggelse
-  Risikoretning for spreining av hus
-  Konsekvensar av spreining
-  Kvadraturbebyggelse
-  Risikoretning for spreining av sentrumsbebyggelse
-  Konsekvensar av spreining av sentrumsbebyggelse
-  Svak grense
-  Barriere for fotgjengarar
-  Overgangar som treng eigne arkitektoniske grep
-  Einiskild bygnad som dominerer miljøet for mykje
-  Fare for flytting av idrettsbane
-  Risikoretning som vil medføre flytting av vassdrag

Den kvalitative analysen blei fletta inn i planprosessen og gjorde det mogleg for innbyggjarane å formulere felles mål som tek omsyn til staden, og for fagfolk å utvikle planar og prosjekt som respekterer identiteten og karakteren ved staden.

DEN KVALITATIVE STADANALYSEN I EIN KOMMUNAL PLANPROSESS

I dette kapitlet vil vi skildre bruken av den kvalitative stadanalysen i Sykkylven, og gi nokre døme på korleis ei auka heilskapsforståing kan endre premissane for lokal planlegging. Analysen kan også introduserast med det pedagogiske siktemålet å styrkje tilhøyrsla for innbyggjarane.

Det første året fungerte "Tettstadprosjektet" i Sykkylven som ein ideverkstad for kommunal planlegging. Ein føresetnad for at fylkeskommunen skulle delta i Tettstadprosjektet, var at det skulle vere ein stor grad av medverknad på alle nivå. Arbeidet blei organisert i tre fasar med karakteristiske trekk. Alle som hadde interesse av planarbeidet blei inviterte til å delta. Tre store fellesamlingar fungerte som ei opning til kvar av fasane, som var:

- > Etablering av forum for stadutvikling
- > Stadanalysen som grunnlag for utforming av prosjekt
- > Samanfating til ein kommunedelplan

I den første fasen var innbyggjarane på staden hovudaktørane, medan fagpersonane lytta til folket si eiga skildring av kvalitetane ved staden, slik dei blir opplevd spontant.

I den andre fasen blei den kvalitative stadanalysen lagd fram, saman med andre fagutgreiingar, og la grunnlag for ei avgrensing av planområdet og ein definisjon av dei viktigaste problemstillingane.

I den tredje fasen blei stadanalysen integrert i det praktiske planarbeidet, og blei teken inn som eige kapittel i kommunedelplanen.

Ei styringsgruppe er ansvarleg for det påbegynte Tettstadprosjektet, også desse tre første fasane. Vi vil kort omtale den rolla analysen har spelt i dei ulike fasane, og korleis ho har medverka til at innbyggjarar, politikarar og fagfolk har oppnådd ei betre stadforståing.

FORUM FOR STADUTVIKLING


Formålet med å opprette eit forum for stadutvikling var å få interesse- motsetningane inn i ein konstruktiv dialog. Den første oppgåva i eit slikt forum er å gi folk sjanse til å formidle til kvarandre kva kvalitetar ved staden som blir opplevd som viktige. Rolla til fagfolka og politikarane var å lytte til det innbyggjarane hadde å seie, og å komme med spørsmål og kommentarar. Arbeidsbokmetoden blei nytta som instrument i første fase av planprosessen.

Innbyggjarane blei inviterte til å delta i ein idedugnad i samfunnshuset. I løpet av fredag kveld og laurdag formiddag blei det etablert ni grupper. Seks grupper drøfta avgrensing og byggjeskikk i Aure sentrum, ei arbeidsgruppe kom med synspunkt på fortetting og friareal på Klokkehaugen og Nakkegjerdet, og to grupper prøvde å finne balanse mellom landbruk og nye tomter i Grebstadområdet. Ein skoleklasse jobba med Aure sentrum og nærområda rundt skolen. Arbeidsgruppene fekk frist på ein måned til å utarbeide innspel til styringsgruppa.


Arbeidsbøkene opna for ein dialog innbyggjarane seg imellom, og mellom innbyggjarane og fagfolka. Til sist, men ikkje minst, fekk folk igjen opna augo for staden.

Døme på arbeidsbok frå Sykkylven

(Plansje 19) Risikokart. Analysen kan også brukast til å vise nokre av dei konfliktsakene som vil kunne føre til at stadkvalitetar blir svekte. "Risikokartet" framstiller nokre av dei faremomenta som kan føre til ei uheldig utvikling. Eit slikt kart kan sjølvstøtt lagast uavhengig av eit tettstadprosjekt.



(Plansje 22) Samanfatning av analysen




(Plansje 20) Tilrådingskart, gul skravur markerer grenser ein i den nåværande situasjonen ikkje bør overskride

STADANALYSEN SOM GRUNNLAG FOR UTFORMING AV PROSJEKT

Fagfolka spelte den sentrale rolla i neste fase. Den kvalitative stadanalysen blei lagd fram. Stadanalysen stadfesta det folk sjølve hadde oppdaga på ny: at den tilknytninga menneska hadde til staden først og fremst var eit kvalitativt tilhøve. Karta konkretiserte dei viktigaste elementa for identiteten til Sykkylven: Landskapsstrukturen med sine område, vegar og landemerke og bebyggelsesstrukturen: gardsklyngjene, kvadraturen i tettstaden, rek-kjedanninga av dei nye einbustadene, for å nemne nokre trekk. Stadanalysen var med på å endre oppfatninga innbyggjarane, politikarane og fagfolka hadde av staden sine utviklings- og utformingsvilkår.


I den opphavlege planen var kvadraturen definert som sentrum i Sykkylven. Den kvalitative analysen viste at *heile* Auremarka er eit sentrum i dalen. På den andre fellesamlinga tok da også Landbruksdepartementets innleiar til orde for å ta vare på dei grønne kvalitetane her og nytte dei som "uteklasserom". Barna lærer om staden når dei går til skolen, når omgivnadene er trygge og inviterer til leik og oppdaging.

Desse vurderingane var med på å endre biletet av kva som er sentrum på staden. Før var det åleine handelssenteret det blei fokusert på, nå er dette *del* av ein større sentrums-samanheng. I staden for einsidig å leggje vekt på vekstretninga til handelssenteret, blei diskusjonen snudd mot det å finne *balanse* mellom dei samansette elementa staden består av: gardsbruk, fornminne, skole, idrett, rekreative område og handelstad.



(Plansje 21) framhevar nokre av dei stadkvalitetane vi finn på Grebstadplatået: Steingardane som rutar opp flata og trea som følgjer eigedomsgrensene dannar eit utbreidd "nett". Dei raude rutene er lagde over for å markere dette fenomenet, og viser landtunga som orienterer seg mot sjøen og mot Aure sentrum. På Grebstad ligg spreidde gardar og nokre samla klyngjer. Analysekartet tilrår at det blir fortetta innanfor pilene som både peiker på grensa i bakkant og husa og klyngjenes "orientering".


Forståinga av Auremarka som ein naturleg heilskap gjorde det lettare å behandle dei problema i delområda som må løysast for å hindre at staden missar samanhangen.




SAMANFATNING TIL EIN KOMMUNEDELPLAN

I den tredje og siste fasen har styringsgruppa og teknisk etat hatt hovudrollene. Fleire utkast til prinsippkisser blei lagde fram til høyring på den tredje fellessamlinga for bebuarane i områda. Det blei langt på veg oppnådd semje om: Avgrensing av bustadområde mot landbruket og avgrensing av sentrum mot Aretunet. Styringsgruppa har på grunnlag av dei faglege innspela utarbeidd ein førebels kommunedelplan som viser ei ny og betre forståing for staden som ein heilskap og dei særeigne stadkvalitetane.


Framlegg til kommunedelplan, juni 1993



Fortetting på gardstun



Nakkegerdet, utbygging i rekkjer



Fortetningsområde og grønn struktur, Grebstad og Klokkarhaug. Teikningar ark. Jens Bjørneboe


I tilknytning til den kvalitative stadanalysen, utarbeidde Norsk byggforskningsinstitutt ved arkitekt Jens Bjørneboe detaljerte fortetningsplanar for Nakkegerdet og Grebstadplatået, der rekkje og klyngje blei nytta som grupperingar i samsvar med områdetypene.

På Grebstadplatået er utbygginga planlagd i mindre grupperingar. Nye hus er integrerte i dei eksisterande klyngjene. Planen er uttrykk for eit kompromiss som blei inngått mellom dei eldre gardbrukarane som ønskte å selje tomter, og dei yngre som ville bevare driftsgrunnlaget for jordbru-

ket. Ein klyngjebebyggelse i dette området gav kvar av brukarane høve til å frådele ei eller fleire tomter, samtidig som karakteristiske kulturlandskapselement blei bevarte.

På Klokkarhaugen er utbygginga planlagd i rekkjer slik bebyggelsesstrukturen er i området. I staden for å fordele grøne fellesområde mellom bebyggelsen, har ein bevart eit samla grøntdrag. Det utgjør ein profil som markerer overgangen inn til Aure og bind saman Haugeneset i vest og garden Nakkegerdet. Garden ligg på ei hylle under Aurenakken i aust og er eit viktig kjenneteikn.

Plansje 21 er basert på det økonomiske kartet, på registreringar i områda og er utleidd av det overordna tilrådingkartet (Plansje 20). Medan det overordna kartet peiker på korleis staden generelt bør utvikle seg (uavhengig av uforutseielege



hendingar i framtida), gir dette eit grunnlag for tilrådingar i høve til meir detaljerte bebyggelsesplanar.


Plansje 21 viser sambandet mellom Aurenakken og Haugeneset, og korleis Aure sentrum begynner nettopp ved denne naturlege terskelen. Ein fortettingsstruktur kan poengtere den grøne kammen frå to sider.

Kommunen har i utkast til ny komunedelplan valt å halde fast ved ei utviding av Aure mot aust. I eit alternativt framlegg frå landskapsarkitektane Kalve, Støle og Smedsvig ser vi ei motsett haldning.

Denne skissa frå landskapsarkitektane Kalve, Støle og Smedsvig viser at bebygd areal i kjøpesentret er på 37 da. Trafikkarealet i Aure sentrum legg beslag på i alt 28 da, og representerer eit nesten like stort utviklingspotensiale for sentrumsvekst som det arealet som i dag er bebygd. Det gir også eit funksjonsdyktig kjøpesenter med korte gåavstandar, samtidig som tettstaden gjenopprettar kontaktflata mot sjøen. Teikning av ark. Lars Benum

Riksvegen er gjort til ein del av gatestrukturen. Aure er tenkt utvikla mot sjøen, men innanfor den eksisterande rutenettsstrukturen. Det blei også utvikla ein plan for å betre miljøkvalitetane og trafikktilhøva i sentrum.





I Auremarkaprojektet diskuterer ein korleis fornminnene skal synast på staden. Auremarka, steinalderen. Teikning Roger Håndlykken.

Med tanke på plassering av eit helse- og sosialsenter, kjøpte Sykkylven kommune den sentrale tomte mellom Auregardane og Aure sentrum. På den same tomte blei det funne tufter etter førhistorisk busetjing. Dette opna for ein debatt mellom verneinteresser og utbyggingsinteresser.

Analysen viser at gardane og kvadraturen har svært ulik karakter, og bør haldast åtskilde. Plansjane tilrår derfor sentrumsutviding mot sør og vest, slik at Aure kan oppretthalde identiteten mellom sjøfront og dyrka mark. Aure har regulære grenser mot Auremarka, og ligg inn til og

dannar tyngdepunkt under Aurenakken (sjå også plansje 6 og 8). Denne karakteren kan berre behaldast dersom grensene framleis er presise og "urbane" i høve til terrenget omkring. I framlegget til kommunedelplan er grøntdraget mellom Auregardane og Aure bevart, da det påtenkte helse- og sosialsentret blei flytta til ein annan stad i sentrumsområdet.

Som ei mogleg konkretisering av analysen, utarbeidde siv.ark. Anne Marit Vagstein eit framlegg for Auremarka. Framlegget viser framtidig bruk av heile området. Kvadraturen, Auregardane, idrettsanlegga,

og tomte med fornminnene inngår her som delar i ein heilskapsplan som bevarer og utviklar det sentrale grøntdraget som er så viktig for den kvalitative strukturen på staden.


Som sameinande element i planen er det gjort framlegg om ein "brupir" som vil gå i dalens retning mellom kvadraturen og Auregardane. Det er ein arkitektonisk struktur med fleire funksjonar. Som gangbru vil han bringe brukarane opp i vêtet og gi dei utsyn over bebyggelsen, det historiske området, fjorden og dalstrekket. Han gjer det også mogleg å krysse fylkesvegen, og grøntdraget blir dermed forbunde med sjøfron-



Tenkt rekonstruksjon av jernalderhus.


Grunnlagsteikning av arkeolog Jochen Komber.

ten. Han kan endeleg sjåast som ei arkitektonisk tolking av rommet mellom hav og fjell. Brupiren er ikkje ein bygning i vanleg forstand, men eit ordnande element som kan realiserast over tid. Derfor mogleg-gjer han ein djupare stadidentifika-sjon. Som tolking av innhaldet i stadanalysen representerer han eitt mogleg løysingsalternativ for Aure-markas problem.




Brupiren dannar ein symbolsk terskel som markerer innkomst og møte med staden Aure.

Teiking Ark: Anne Marit Vastein



I meir enn 20 år har idrettslaget arbeid for å la elva få eit nytt løp slik at idrettsplassen skal kunne byggjast ut med internasjonale mål. Stadanalysen og den lokale planprosessen har medverka til at det gamle elveløpet skal behaldast som nordre grense for idrettsbanen, og at idrettsanlegget blir utforma på ein måte som forsterkar landskapskarakteren og området naturlege avgrensing.



Brupiren er ein struktur som samlar og synleggjer kvalitetane ved staden.



Sykkylvsfjorden

L I T T E R A T U R

Bjørneboe J.: *God byggeskikk og fortetting*, NBI 1933

Høidal, E: *Industrisoge for Sykkylven*. Sykkylven 1990

Kalve, Støle og Smedsvig: *Skisse rapport, Kerkjevegen, Aure Sentrum*. Bergen 1993

Norberg-Schulz, C.: *Genius Loci*, London/New York 1980
Mellom jord og himmel, Oslo 1979/1993

"Hva er et tettsted?" *Fra vegkryss til tettsted*, (red. T. Forseth) Oslo 1992

"Stedsbruk" *Byggekunst 3/1993*

"Stedskunst" *Det gode sted* (red. T. Forseth) Oslo 1994

Oraug, J.: *Medvirkning i offentlig planlegging: Ti års erfaring med arbeidsbokmetoden*. Oslo 1988

Vagstein A.M.: "Kvalitativ stedsanalyse." *Fra vegkryss til tettsted*. (red. T. Forseth) Oslo 1992

Flere eksemplarer
av denne publikasjonen
kan bestilles fra:

Statens forurensningstilsyn (SFT)

Strømsvn. 96
postboks 8100 Dep.
0032 Oslo

Telefon 22 57 34 00
Telefax 22 67 67 06

